



Arkes Bygg AS
Eskild Pedersen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4720 - 14/24031

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
24.10.2014

Retur av søknad om ferdigmelding gbnr 52/32 Bruvoll

Vi viser til Dykkar søknad om ferdigattest for tilkomstvegen til gnr. 55 bnr. 32, journalført den 21.10.2014.

Vurdering

Det er registrert manglar ved søknaden. Manglane gjeld blant anna følgjande forhold:

Arkes Bygg er ikkje godkjent for rolla ansvarleg søker i tiltaket, jf. vedtak av 26.04.2013. I etterkant av vedtaket er det ikkje gjort endringar i ansvarsforholdene vedrørende tilkomstvegen. Godkjenninga av 20.08.2013 som gjeld denne eigedom, er berre gyldig for skifte av ansvarsrett for ansvarstilhøve knytt til rammeløyve for huset, gjeve den 12.03.2010.

Dette er ikkje å sjå på som ei fullstendig liste av alle manglane i saka.

Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. § 21-2 og byggesak kapittel 5. Søknaden er vurdert å vere for mangelfull til at den vert teke til handsaming.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
10.2.11 Avvist sak	1	2.100
Totalt å betale:		2.100

Vedtak:



Søknaden avvises, då den ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Ny komplett og kvalitetssikra søknad må sendast inn til kommunen dersom søknaden skal takast opp til realitetshandsaming.

Dokumenta vert arkivert i kommunen.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Darius Bacvinka

Fagervollen 44 A 5956

HUNDVIN

Mottakarar:

Arkes Bygg AS